

Bygdagneist AS  
Rosenbergs gt 30 a  
5015 BERGEN

Dato: 28.02.2014  
Vår ref.: 2014/985-3  
Saksbehandlar: ynghag  
Dykkar ref.:

### ***Kompensasjonsmidlane 2013***

### **AVSLAG OM TILSKUDD TIL PROSJEKT *Storeteigen – næringsarena***

I forslag til *Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2013*, utarbeid av *Styringsgruppa for bruk av kompensasjonsmidlar*, var det sett av midlar til dykkar prosjekt. Fylkesutvalet handsama planen i sitt møte 20.02.2014 kor det blei gjort slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet godkjenner *Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2013 med unntak av prosjektet «Storeteigen – næringsarena»*. Midlane avsett til dette prosjektet blir overført til tiltaket «Tilrettelegging for infrastruktur i Kvam».

Vi må difor melde at de ikkje vil motta økonomisk støtte til prosjektet frå kompensasjonsmidlane.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for prosjektet er Yngvar Hagala, som de kan kontakte på tlf. 55378016 eller e-post: [ynghag@hfk.no](mailto:ynghag@hfk.no)

#### **Klage / Innsyn i dokumenta:**

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi vonar at prosjektet kan realiserast utan vår medverknad og ønskjer dykk lukke til vidare!

Med helsing

Bård Sandal  
Fylkesdirektør Regional utvikling

Mette Nora Sætre  
Nærings sjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Styringsgruppa for bruk av kompensasjonsmidlane